



Vakkert på Nedre Fet i Uskedalen. Foto: Harald Sætre

Harald Sætre er fotografen bak bilete på Grenda-kalenderen i år, med motiv frå Nedre Fet.

Den populære Grenda-kalenderen for 2019 er sendt ut og teken i bruk. På kalenderen i år er det eit bilete frå Nedre Fet med Kapteinsgården og husa på gardstunet. Harald Sætre er fotografen og motivet er frå Hagahjørna og inn i tunet mot vest. Kalenderen er trygt i 2700 eksemplar og heile opplaget er ute.

Den etterspurde kalenderen har ein historie tilbake til 1986 då den gong Kvinnherad Sparebank starta dette tiltaket. Frå 2014 tok Grenda ansvaret med produksjon og utsending. Avisa har auka opplaget kvart år etter det.

Av dei tilsaman 10 - 12 motiva på kalenderen har det som oftast vore med eit motiv frå Uskedalen, anten eit fjell- og naturmotiv eller frå kulturlivet i bygda. Fotografane har vore lokale eller tilreisande. Nokre av dei mest dristige motiva frå Ulvanoso har vore tekne av fjellklartarar eller med drone.

Tunet på Nedre Fet er velstelt og fint halde og mange forbireisande legg merke til plassen sentralt plassert i Uskedalen. Med Elins Matgleder som næraste nabo er det mange gjester, også i grupper, som stoppar, handlar, spør og vil vita meir om den freda offisersbustaden på Nedre Fet.

Om du ikkje alt har sikra deg ein kalender, er tida ute. Maylin Kristiansen i Grenda fortel at heile opplaget er tørt.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Kalenderen for 2019 er trykt i 2700 eks. Heile opplaget er tømt.